



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
19.04.2017
Dykkar dato
13.01.2017

Vår referanse
2017/723 331.1
Dykkar referanse

Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2017 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 15.desember 2016.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til same skatteøyre for kommunane i 2017 som i 2016, 11,8 prosent.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 400.967.000,- i skatt på eige og inntekt for 2017.

I 2016 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 9,7 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 1,5 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2016 var 88,5 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2017 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2017 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 816,6 mill.

Inntektsprognosen for 2017 er no oppdatert med endelege innbyggjartal per 01.01.2017 og innkomen skatt i 2016. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2017. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2016.

Dei frie inntektene er ikkje budsjetterte for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosen.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med om lag kr. 164 ½ mill. i eigedomsskatt for 2017. Innkomen eigedomsskatt i 2016 var kr. 163,4 mill.

Eigedomsskatten for 2017 er vedteke med sju promille på verk og bruk.

I økonomiplanen er det for dei neste åra lagt til grunn ein reduksjon i realverdien av eigedomsskatteinntektene, som følgje av den generelle prisveksten. Det vil vere uvisse knytt til dei høge eigedomsskatteinntektene på noko lengre sikt.

Generelle statstilskot

Det er inntektsført andre generelle statstilskot med kr. 47,4 mill. Det består av introduksjonstilskot for flyktningar (kr. 42,0 mill.), kompensasjonstilskot (kr. 5,0 mill.) og andre statlege overføringar (kr. 0,4 mill.).

Utbytte

Utbytte frå BKK er vidareført i budsjettet for 2017 med kr. 7,8 mill. (1,95 prosent av kr. 400 mill.).

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,5 prosent. I det inngår pårekna lønsvekst med 2,7 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 45.761.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2017 er i underkant av kr. 28 ½ mill. Det er planlagt nytta til å styrka disposisjonsfondet.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Netto driftsoverskot i rekneskapen for 2016 er kr. 91,2 mill. Etter driftsfinansiering av investeringar og netto avsetjingar er det eit mindreforbruk i rekneskapen for 2016 med kr. 32,1 mill. Netto driftsoverskot i rekneskapen utgjer 6,8 prosent av driftsinntektene. Netto driftsoverskot blir bl.a. nytta til å styrka disposisjonsfondet.

Det positive resultatet for 2016 har samanheng med ekstraordinær høg skattevekst for kom.munesektoren i 2016. Denne skatteveksten er mellombels for det eine året og blir ikkje vidareført i fleire år.

Ein stor del av dei høge eigedomsskatteinntektene blir nytta til driftsføremål, i staden for avsetjing og driftsfinansiering av investeringar. Kommunen bør ha eit høgt netto driftsoverskot på bakgrunn av den høge eigedomsskatten. Avsetjing til disposisjonsfond og driftsfinansiering av investeringar bør styrkast i økonomiplanperioden for at kommunen ikkje skal vere for sårbar og avhengig av å ha eit høgt nivå på eigedomsskatteinntektene over tid.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I 2017 er det planlagt brutto investeringar for til saman i underkant av kr. 448 mill. Dei største investeringane i år er i skulane (Knarvik, Ny Alversund, Leiknes) og utbygging av infrastruktur knytt til Mongstad anlegget (Storemyra). Investeringar innan vatn og avlaup utgjer kr. 122 mill. av dei samla investeringane.

Dei sjølvfinansierande investeringane innan vatn og avlaup blir lånefinansierte fullt ut, det vil seie med lån kr. 122 mill. Andre generelle investeringar blir i hovudsak finansierte med bruk av lån (kr. 143,6 mill.), momskompensasjon og driftsfinansiering m.m.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr. 15,0 mill. Eigenkapitalinnskott KLP, kr. 3,1 mill., blir finansierte med disposisjonsfond.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2015 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 73.804,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 71.004,-.

Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2015 var kr. 70.482,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2016 er rekna til om lag kr. 1190 mill., eller kr. 75.650,- per innbyggjar.

Det er lagt opp til svært høge investeringar og låneopptak i år. I økonomiplanen er det lagt opp til høg opplåning også i 2018. Det vil medføra ein vesentleg auke i kommunen sitt gjeldsnivå. Sjølv om ein del av låneopptaka er til sjølvfinansierande investeringar innan VA - sektoren, vil det bli teke opp store lån til generelle investeringar.

Det er grunn til uro for den planlagde utviklinga i kommunen si lånegjeld. Kommunen må unngå å kome i ein situasjon med eit for høgt gjeldsnivå i høve til dei ordinære inntektene. Vi må rekna med eit høgare rentenivå over tid. Det kan bli svært krevjande for kommunen å handtere auka gjeldsbelastning som følgje av både eit vesentleg høgare gjeldsnivå og eit høgare rentenivå.

Oppsummering

Avsetjing til disposisjonsfond og driftsfinansiering av investeringar bør styrkast i økonomiplanperioden for at kommunen ikkje skal vere for sårbar og avhengig av å ha eit høgt nivå på eigedomsskatteinntektene over tid.

Det er grunn til uro for den planlagde utviklinga i kommunen si lånegjeld. Det kan bli svært krevjande for kommunen å handtere auka gjeldsbelastning både som følgje av eit vesentleg høgare gjeldsnivå og eit pårekna høgare rentenivå.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Deloitte, Postboks 89, 5902 Isdalstø

Sekretariatsleiar for Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø

